



## Årsmelding for styret i Omvikdalen Idrettslag 2012

### **Styret har i 2012 vore samansatt slik:**

Leiar: Svein Hjelmeland

Nestleiar: Atle Falk

Kasserar: Jonny Flatebø

Skrivar: Anne Ruth Lekva

Styremedlem: Stig Omvik

Varamedlem: Gunn B.Fosse

Varamedlem: May-Britt Albrethson

### **Laget har følgjande undergrupper:**

Ski, økonomi, idrettsmerkeutval, tur, sykkel, turn og «ikkje dytt». «Ikkje dytt» har ikkje vore aktive i 2012, og leverar ikkje årsmelding i 2012.

Gruppeleiarane skriv årsmelding for kvar gruppe.

Medlemstalet i OIL var i 2012 på 366.

Styret vil takka for dette året, og takk til alle som er med å bidra, slik at vi kan halda fram med eit idrettslag i Omvikdalen.

*Helsing Styret*



## TURGRUPPA 2012

### Fjelltrimmen:

Det har vore ein fin oppgang av besøkjande ved bøkene i år. 6718 personar har skrive seg inn i bøkene. Aktiviteten er størst på dei lågaste bøkene.

32 personar har fullført fjelltrimmen. Dei som har klart medalje, vil få denne tilsendt i posten.

Antall besøkjande	2007	2008	2009	2010	2011	2012
Skorafjell	41	47	57	62	65	69
Kvanto	145	160	137	165	168	155
Tverrfjell	105	90	85	110	-	85
Gråfjell	73	102	78	85	63	53
Nonshaug	90	180	147	146	123	139
Tverfjell	76	122	91	100	98	109
Kviteggi	778	879	1030	1024	948	840
Kanten					632	580
Aterstad	-	2169	1992	2508	2609	2770
Bergalivegen	-	301	223	160	127	222
Åsen	-	1945	2336	1263	1378	1696
<b>Sum</b>	<b>1308</b>	<b>5995</b>	<b>6176</b>	<b>5623</b>	<b>6211</b>	<b>6718</b>

### Boka på Kanten

- Ilage Energi har gitt 3x500 kroner i ekstra premiar til denne boka, som blei trekte på julematinèen.

### Aterstadtrimmen:

- Sundag den 23.09 var den årlege turen til Aterstad arrangert. Det vart servert bålcaffe, saft og kjeks, og tradisjonen tru så var det loddtrekking på startbillettane. Vêret var fint og 118 personar deltok.

### Vedlikehald av stiar:

- Stien til Kvanto og Nonshaug fekk oppfrisking av merkinga i år.

Turgruppa har hatt to møte i år.

Takk til Ina Haugland Tvedt, Håkon Guddal og Odd Karsten Huse i turgruppa, for vel utført arbeid.

Helsing  
For turgruppa  
Jan Egil Apeland



## TURNGRUPPA 2012

Våren 2012 forsette gruppene som var starta opp på hausten 2011, slik årsmeldinga 2011 beskriv.

Hausten 2012 starta vi opp med følgande grupper:

0-3 år: annakvar tysdag kl 17-18. Gruppeleiar var Monica Hjelmeland og Lene Monsen. Det har vore ca 9 born der kvar gong.

3-5 år: kvar måndag kl 17-18. Gruppeleiarar har vore Solveig Hus Hansen og Nina Elin Hauge. Det har vore 23 born der pådet meste. Dette har vore ei gruppe som har fungert veldig bra!

Det har ikkje lukkast å få trenarar til å ha grupper for borna i skulealder denne hausten, til tross for at vi har spurt mange direkte og sendt ut oppfordring til alle foreldre i Omvikdalen Skulekrins.

«Zumba»: kvar torsdag kl 20-21. Det har vore ca 6-8 damer kvar gong. Gruppa vart leia av Nina Elin Hauge, Elisabeth Berg Hass og Monica Hjelmeland.

Dametrim: i november starta Hilde Olderkjær opp med dametrim, med zumba til oppvarming. Der har vore oppmøte frå 2-10 damer.

Herretrim: Det er ein gjeng mennar som har gått til Aterstad om måndagane kl 19. Flott initiativ.

Turngruppa arrangerte Nissemarsj i romjula 27.12.12. Kjersti Øvsthus, Vegard Hjelmeland, Vemund Hjelmeland og Siv A. Sandvik arrangerte. Antall deltakarar var 32 vaksne og 26 born. Christian Tvedten var nisse på hjelmeland. Toget gjekk opp på Hjelmeland der det vart delt ut mandariner og på tur ned fekk barna sjokolade av nissen. Nede ved skulen var det servering av kakao, medaljer til alle og gevinst på lodd. Vi tok 50,- pr person og 100,- pr familie. Oppsummering ligg i perm.



## Økonomigruppa 2012

### ÅRSMELDING 2012

Økonomigruppa har i år organisert loddsal, og samla inn en del av gevinstane i høve til julematinen.

Vi har og organisert parkeingsvakter i Fjellhaugen i år.

Felleskjøpet og Kvinnherad Bygg stiller som vanleg opp og deler gevinstar med rund hand. Men vi må også huske på alle dei andre bidragsyterane som Gjensidige, Spar Seimsfoss, Stemning, Trygg Trafikk, Til Bords, Rosendal Bokhandel, Sundal, Gullsmed Eide, Fredheim Blomster, Zjakk og Sparebank 1

Loddsalet i høve til julematine er i år utført av vaksne, samt at det vart selt lodd på Spar Seimsfoss. Når det gjeld loddsal var det en del tilbakemeldinger på at å gå rundt på dørene gjer heller liten utteljing. Kjersti Hjelmeland sat ei god økt på Spar Seimsfoss som nok gav mykje større utteljing enn å gå rundt på husa. Kanskje det er på tide å revurdere loddsalstrategien?

Årets julematine gav oss ei god omsetning med et godt resultat

Økonomigruppa bestod i år av:

Vegard Hjelmeland

Ann Kristin Huke

Randi Solheim

Perane 17. jan. 2013.

Vegard Hjelmeland



## SKIGRUPPA 2012

Skigruppa har hatt møter i 2012.

Klubbmesterskap vart arrangert i slutten av Mars 2012  
Kvinnheradsmeisterskap på ski – Stafett vart arrangert 11 mars 2012.

Skigruppa hadde fleire deltakarar som fullførte Skikarusellen i Kvinnherad i 2012.

Vidare fekk Skigruppa midlane til ”Skileik for Born og Ungdom” hjå *Sparebank 1 stiftinga Kvinnherad*.

Omvikdalen Idrettslag har dreve utllån av dette utstyret, og det verkar som ei ordning folk brukar. Det kan vurderast å gjera meir ”kjent” at utstyret er tilgjengeleg.

OIL har gått til innkjøp av skipakkar i form av ski, sko stavar og smøring/vedlikeholds og aktivitets materiell.

Skipakkane er meint til **gratis** bruk til Born og Ungdom i laget.

Intensjonen var å få til skileik/trening 1 gang i veka, primært i Fjellhaugen Skisenter. Aktiviteten vart ikkje starta opp i 2012, men det er viktig å jobbe vidare med ”Skileik for Born og Ungdom” for å møta forpliktelsen laget har sett seg i mot *Sparebank 1 stiftinga Kvinnherad*.

Skigruppa 2012 har bestått av :

Leiar: Christian Tveiten  
Medlem: Johannes Hjelmeland  
Medlem: Atle Søllesvik



## IDRETTSMERKEUTVALGET 2012

### Årsmelding 2012

I 2012 var det 10 personer som fullførte krava til idrettsmerket. Det er samme antall som i fjor. Vi har hatt seks samlinger, vår og haust.

Å vere idrettsmerketaker er ein fin måte for ein årleg kontroll av eigen fysisk form og også ein fin motivering for fysisk trening. Krava er tilpassa dei ulike aldersgrupper og forhåpentlegvis er dei satt så høgt at dei fleste må trene noko for å klare dei. Øvelsesutvalg og merkekrav er revidert fleire gonger, sist i 2005.

### Utmerkingar i 2012:

Ellen Korsvold: Idrettsmerket i gull

Desse har fullført krava i 2012:

Marie Eik Nygård : 48 gonger

Magne Enæs : 36 "

Elin Enæs : 28 "

Ragnhild Hanstvedt : 27 "

Stig Dagfinn Tveiten : 16 "

Jan Egil Apeland : 13 "

Kristine Hestad : 10 "

Ellen Korsvold : 9 "

Marianne Bjørnebøle : 3 "

Vemund Hjelmeland : 3 "

Velkommen til nye og gamle merketakere i 2013 !

For Idrettsmerkeutvalget:

Elin Enæs



## Årsmelding for sykkelgruppen/spinning 2012

Aktiviteten i spinning-gruppen er på linje med fjoråret. Spinning er svært populært og aktiviteten her er svært stor.

Spinning gruppen hadde lokaler i "gamleskolen" på Løfallstrand til November 2012. Vi er nå installert i nye lokaler i "Grendahuset" i Rosendal. (frå Okober 2012)

Det første halvåret hadde vi 4 instruktører og ca 70 personer var aktive og drev med spinning hver uke. Etter sommerferien økte vi antall instruktører slik at vi var 6 instruktører resten av året.

Antall aktive var på samme nivå, dvs rundt 70 personer som møtte totalt på spinning hver uke.

Etter at vi kom inn i nye lokaler har vi fått bedre plass og inneklimate er bra. Det negative er at en i kuldeperioder ikke klarer å holde høy nok temperatur, noe som har ført til at en her måttet avlyse noen få spinningtimer. Det ble jobbet med å få installert varmpumpe i lokalet.

Skal vi få med alle som ønsker å trene må laget også diskutere om en skal gå til innkjøp av flere spinningssykler. Aktiviteten er så stor at dette bør vurderes.

Tilurrittet Bergen/Voss ble i 2012 gjennomført uten at noen ryttere fra OIL deltok. ( ifjor hadde man deltakere )

Styret vil takke alle for en god innsats og kanskje aller mest instruktørene som gjør en formidabel innstats.

I 2012 har Reidunn Nerhus, Hilde Nygårdsmoen og Annbjørg Enes, sittet i styret i sykkelgruppen / spinning.

Løvfallstrand 08.01.2012

For sykkel-gruppen/spinning-gruppen : Annbjørg Enes